



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

## Møtebok

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune
<b>Møtestad:</b>	Formannskapssalen, 3. etg. rådhuset i Måløy
<b>Dato:</b>	12.06.2018
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

---

### Følgjande medlemmer møtte

	Parti
Edvard Iversen	
Hanne E. Kristensen	FH
Jakob Nødseth	FSL
Jan Henrik Nygård	FV
Kristin Maurstad	VAP
Rolf Steinar Domstein	VH
Nils Myklebust	VSP

### Forfall

	Parti	Varamedlem	Parti
Bente Frøyen Steindal	FAP		
Ola Teigen	FAP	Hilmar Eliasson	FSL

### Andre som møtte:

Amila Adzemovic	Ungdomsrepresentant Vågsøy
Heidi Rønhovde	Hovedtillitsvald Vågsøy
Henrik Ulriksen	Administrasjon
Linda Alice Myhre Larsen	Administrasjon
Reidar Knapstad	Hovedtillitsvald Flora
Rolf Bjarne Sund	Administrasjon
Terje Heggheim	Prosjektrådmann

### Møtenotater:

#### Felles kommunestyremøte:

Aktuelle datoar er 17. og 18. oktober.

#### Studietur for Fellesnemnda:

Aktuelle datoar er 8. og 9. oktober.

Kristin Maurstad  
Leiar

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
033/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/18	Godkjenning av møteprotokoll
035/18	Refererte skriv og meldingar
036/18	Orientering frå prosjektrådmann
037/18	Orienteringssak - arbeidet i dei politiske underutvala/arbeidsgruppene - Status
038/18	Godkjenning regnskap 2017 - Fellesnemnda for Flora/Vågsøy
039/18	Fellesnemnda for samanslåinga av Vågsøy og Flora til Kinn kommune har følgjande innspel til forbetringar av tilbodet



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 18/6

Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen

Dato: 05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Prosjektrådmannen si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### Handsaming:

##### Godkjenning av innkalling:

Ingen merknader.

##### Godkjenning av sakliste:

Ingen merknader.

#### Votering:

Prosjektrådmannen si tilråding samrøystes godkjent.

#### KIFN- 033/18 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 18/4

Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen

Dato: 05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen si tilråding:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

### Handsaming:

Ingen merknader.

### Votering:

Prosjektrådmanenn si tilråding samrøystes godkjent.

### KIFN- 034/18 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå møte 15.05.2018 ligg på Flora kommune si heimeside.



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv:  
JournalpostID: 18/7  
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen  
Dato: 05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
035/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

## Refererte skriv og meldingar

Prosjektrådmannen si tilråding:

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## Underliggende sak:

001/18, Brev om reduksjon i statlege arbeidsplassar i Kinn kommune

## Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

### Handsaming:

Ingen merknader.

### Votering:

Rådmannen si tilråding samrøystes vedtatt.

### KIFN- 035/18 Vedtak:

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Refererte skriv og meldingar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv:

JournalpostID: 18/8

Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen

Dato: 05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

## Orientering frå prosjektrådmann

Orientering frå prosjektrådmann vert teke til vitande.

### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### Handsaming:

Det vart orientert om følgjande:

- Økonomi for sammenslåingskommuner
- Felles Kommunestyremøte
- Studietur
- Politikerportalen
- Gevinstrealisering

Leiar i fellesnemnda Kristin Maurstad orienterte om resultat frå folkerøystinga i Vågsøy 11.06.2018.

#### KIFN- 036/18 Vedtak:

Det vart orientert om følgjande:

Økonomi for sammenslåingskommuner

- Felles Kommunestyremøte
- Studietur
- Politikerportalen
- Gevinstrealisering

Leiar i fellesnemnda Kristin Maurstad orienterte om resultat frå folkerøystinga i Vågsøy 11.06.2018.

Orientering frå prosjektrådmann vert teke til vitande.





# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv:  
JournalpostID: 18/9  
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre  
Larsen  
Dato: 05.06.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

## Orienteringssak - arbeidet i dei politiske underutvala/arbeidsgruppene - Status

Det blei orientert om følgjande:

### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### **Handsaming:**

##### Politisk organisering og val 2019 v/ leiar Rolf Domstein:

Har ikkje hatt møter sidan sist møte i Fellesnemnda 15.05.2018.

Ein ventar på innspill til delegasjonsreglement og instruks for kommunestyret frå prosjektrådmann.

##### Næringsutvikling, næringssselskap, hamn, kommunale foretak og eigarskap v/leiar Edvard Iversen:

Eit møte sidan sist møte i Fellesnemnda, møtet fann stad 04.06.2018.

Beramma møte mellom Nordfjord Hamn og Flora hamn i juni vart avlyst. Nytt møte planlagt 04.07.2018.

Workshop i beg av september i Vågsøy med deltakarar frå dei ulike hamnekommunene.

Mandat for gruppa, lagast ei overordna organisering, blir lagt til rette for næringsaktørane i Kinn. Dato kjem seinare.

Møte i politisk komiteen den 30.08.2018.

Satsningsområde innenfor reiselivet i Kinn.

##### Felles identitet, kultur og symbol v/leiar Jakob Nødseth

Møte 11.06.2018 avlyst grunnet manglende saker til behandling.

Ingen møter siden sist møte i Fellesnemnda 15.05.2018.

Utvalsleiar ønskjer meir driv i prosjektet.

##### Interkommunale samarbeid v/leiar Hilmar Eliasson:

Møte beramma sidan sist vart utsatt, nytt møte er beramma i veke 25 derfor ingenting nytt å melde sidan sist.

Viktig sak på neste møte er sak om Nordfjordnett.

##### Arbeidsgjevarepolitikk v/leiar Nils Myklebust:



Ingen møter sidan sist.

Repr. Myklebust stilte spørsmål om rapporten han har sendt inn frå erfaringssamlinga på Gardermoen er sendt ut til Fellesnemnda og om andre deltakarar har laga tilsvarende rapporter.

Repr. Myklebust ønsker at korrespondanse mellom repr. Myklebust og rådmann i Vågsøy vert lagt til som vedlegg til protokollen fra dagens møte i Fellesnemnda.

#### Kommunale planer v/leiar Kristin Maurstad

Leiar Maurstad orienterte om dei ulike folkemøtene som er gjennomførte og som skal gjennomførast i Florø og Vågsøy.

Maurstad informerte og om vidare plan utover hausten.

#### Entreprenørskap i Kinn v/leiar Jan Henrik Nygård

Planer om ei felles samling for ungt entreprenørskap for ungdommens bystyre i Florø og ungdomsrådet i Vågsøy 27. og 28. september i Kalvåg. Det vil verte orientering på skulane etter gjennomført samling.

Det vert og jobba med felles elevbedrifter i Flora og Vågsøy vidaregåande skule.

Framflyt og Temposeminar står og på agendaen til arbeidsgruppa.

#### **Anna:**

Representanten Jakob Nødseth ønsker sak om informasjon og sosiale medier opp som eiga sak i Fellesnemnda.

#### **KIFN- 037/18 Vedtak:**

Det blei orientert om følgjande:

#### Politisk organisering og val 2019 v/ leiar Rolf Domstein:

Har ikkje hatt møter sidan sist møte i Fellesnemnda 15.05.2018.

Ein ventar på innspill til delegasjonsreglement og instruks for kommunestyret frå prosjektrådmann.

#### Næringsutvikling, næringssekskap, hamn, kommunale foretak og eigarskap v/leiar Edvard Iversen:

Eit møte sidan sist møte i Fellesnemnda, møtet fann stad 04.06.2018.

Beramma møte mellom Nordfjord Hamn og Flora hamn i juni vart avlyst. Nytt møte planlagt 04.07.2018.

Workshop i beg av september i Vågsøy med deltakarar frå dei ulike hamnekommunene.

Mandat for gruppa, lagast ei overordna organisering, blir lagt til rette for næringsaktørane i Kinn. Dato kjem seinare.

Møte i politisk komiteen den 30.08.2018.

Satsningsområde innenfor reiselivet i Kinn.

#### Felles identitet, kultur og symbol v/leiar Jakob Nødseth

Møte 11.06.2018 avlyst grunnet manglende saker til behandling.

Ingen møter siden sist møte i Fellesnemnda 15.05.2018.

Utvalsleiar ønskjer meir driv i prosjektet.

Interkommunale samarbeid v/leiar Hilmar Eliasson:

Møte beramma sidan sist vart utsatt, nytt møte er beramma i veke 25 derfor ingenting nytt å melde sidan sist.

Viktig sak på neste møte er sak om Nordfjordnett.

Arbeidsgjevarpolitikk v/leiar Nils Myklebust:

Ingen møter sidan sist.

Repr. Myklebust stilte spørsmål om rapporten han har sendt inn frå erfaringssamlinga på Gardermoen er sendt ut til Fellesnemnda og om andre deltakarar har laga tilsvarande rapporter.

Repr. Myklebust ønsker at korrespondanse mellom repr. Myklebust og rådmann i Vågsøy vert lagt til som vedlegg til protokollen fra dagens møte i Fellesnemnda.

Kommunale planer v/leiar Kristin Maurstad

Leiar Maurstad orienterte om dei ulike folkemøtene som er gjennomførte og som skal gjennomførast i Florø og Vågsøy.

Maurstad informerte og om vidare plan utover hausten.

Entreprenørskap i Kinn v/leiar Jan Henrik Nygård

Planer om ei felles samling for ungt entreprenørskap for ungdommens bystyre i Florø og ungdomsrådet i Vågsøy 27. og 28. september i Kalvåg. Det vil verte orientering på skulane etter gjennomført samling.

Det vert og jobba med felles elevbedrifter i Flora og Vågsøy vidaregåande skule.

Framflyt og Temposeminar står og på agendaen til arbeidsgruppa.

**Anna:**

Representanten Jakob Nødseth ønsker sak om informasjon og sosiale medier opp som eiga sak i Fellesnemnda.



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv: FE - 210, FE - 150  
JournalpostID: 18/5  
Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund  
Dato: 05.06.2018

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

### Godkjenning regnskap 2017 - Fellesnemnda for Flora/Vågsøy

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda godkjenner regnskap for Fellesnemnda si drift for 2017.

#### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### Handsaming:

Ingen merknader.

#### Votering:

Rådmannen si innstilling samrøystes vedteke.

#### KIFN- 038/18 Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner regnskap for Fellesnemnda si drift for 2017.

#### Bakgrunn for saka:

Det ligg ikkje føre egne reglar for korleis rekneskap for fellesnemnda skal førast. Regnskapet for Fellesnemnda for etablering av Kinn er ført etter aktuelle lovar og reglar for økonomistyring og regnskapsføring i Flora kommune. Denne saka blir lagt fram for Fellesnemnda på lik måte som rekneskap for kommunane blir lagt fram for kommunestyra for godkjenning. Som ein del av dette ligg det ved saka uttale frå revisor.

#### Saksopplysningar:

Det vart brukt nytta kr. 1 493 388 av Fellesnemnda sine midlar til prosjektet i 2017. Revisor skriv som konklusjon i sin uttale mellom anna følgjande:

*...Vi har ingen merknader til rapportering som ligg føre pr. 31.12.2017. Det er vår anbefaling at rekneskapen kan godkjennast slik den ligg føre....*

Revisor har i sin uttale ein kommentar til at rekneskapen bør leverast på krone nivå og ikkje i heile tusen slik det er gjort i dette høvet. Administrasjonen vil rette dette ved neste høve.

**Vuderingar:**

Etablering av Kinn kommune er eit prosjekt. I motsetning til i ein kommune, kor forventa drift og dermed utgifter er kjend, vil det i eit prosjekt som dette vere mange ukjente faktorar. Difor må det takast høgde for at budsjettet for prosjektet må vere fleksibelt og reviderast undervegs. Kinn prosjektet er tidelt frå staten tilsaman kr. 41,5 mil kr. Fordelt i to tilskott; 1, 21 mil kr. Som "eingongstilskot" og 2, 20,5 mil kr som "reformstøtte" til etablering av Kinn kommune. Eingongstilskotet er utbetalt. Reformstøtta vil bli utbetalt ved samanslåingstidpunktet, men vil i praksis kunne bli nytta i 2019.

Så langt har fellesnemnda vedteke budsjett for bruk av eingongstilskotet.

Prosjektrådmannen vil kome tilbake til fellesnemnda i løpet av hausten 2018 med framlegg om budsjett for reformstøtta. Dette budsjettet vil hovudsakleg vere retta mot det tekniske med samanslåing av kommunane. I fyrste rekke knytt til IT området.

Prosjektstaben har vore i kontakt med fleire andre kommunesamanslåingar og dei aller fleste melde tilbake at det er utfordrande å gjennomføre dei naudsynte prosessane innanfor dei økonomiske rammene som staten har lagt til grunn.

Så langt er det ingen grunn til å anta at ikkje etableringa av Kinn kommune vil kunne gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene som staten har tidelt prosjektet.

**Økonomiske konsekvensar:****Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:****Vedlegg i saken:**

Revidert rekneskap Fellesnemnda Kinn kommune m rev.beretn. reknesk. årsmelding 2017



# Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv: FA - N01  
JournalpostID: 18/11  
Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund  
Dato: 07.06.2018

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/18	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	12.06.2018

### Fellesnemnda for samanslåinga av Vågsøy og Flora til Kinn kommune har følgjande innspel til forbetringar av tilbodet

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

#### Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 12.06.2018:

#### Handsaming:

Ei samla Fellesnemnd fremma følgjande tilleggspunkt 2 som framlegg til vedtak:

"Fellesnemnda ber prosjektrådmannen undersøke om materiellet som vert nytta på ekspressruta Bergen-Selje no stettar anbodskrava".

#### Votering:

Det vart votert samla over pkt. 1 i rådmannen si innstilling og tilleggspunkt. nr. 2 frå ei samla Fellesnemnd.

Samrøystes vedtatt.

#### KIFN- 039/18 Vedtak:

1. Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune.

2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen undersøke om materiellet som vert nytta på

ekspressruta Bergen-Selje no stettar anbodskrava.

**Bakgrunn for saka:**

Fylkeskommunen har opna for at kommunar kan kome med innspel til ruteplanprosessen innan 30 juni 2018. Rutekjøpsaka kjem opp i hovudutval for samferdsle i møte i oktober 2018 og endringar innførast frå juni 2019.

**Saksopplysningar:**

Dagens ruter mellom Oldeide og Måløy går på ulike tidspunkt og er til dels vanskeleg å kommunisere og forstå. Fyrste ferje frå Måløy går kl. 0545 og siste går kl. 2140. Tilsaman er det på kvardagar 13 avgangar. Ruta har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane.

**Vuderingar:**

Ferjeruta Oldeide - Måløy har i dag uregelmessige avgangar frå begge stadane. Det er eit sterkt behov for å endre dette til at det blir faste ½ times avgangar. Slik at t.d. ferja går kvar heil time frå Måløy og kvar halv time frå Oldeide, eller motsett. Ei slik omlegging vil syte for forutsigbarheit i tilbodet og vil vere ei vesentleg styrking av tilbodet nord – syd på kysten. Dette vil vere i samsvar med fylkeskommunen eigen strategiske plan for kysten og ikkje minst vil det vere med å betre sambandet internt i Kinn kommune. Sjølv om det kan vere utfordringar med å få til ei slik omlegging bør det vere mogleg å få til dersom det er vilje til å følgje opp lokale ynskje som er i samsvar med fylkeskommunen eigen overordna planar.

**Økonomiske konsekvensar:**

**Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:**